



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Helse- og oppvekstutvalet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	04.03.2026
Tid	Kl. 09:00 - 14:30

Følgjande medleamar møtte

Baard Helle Bolstad	SP
Bernt Reed (p)	SP
Lisbeth Stensaker	H
Per Ståle Husevåg	KRF
Sjur Atle Austrheim	H
Svein Førde	AP

Forfall/møtte ikkje

Julie Kristin Lothe	SP
Katrine Anita Heggelund	SV
Mariel Eikeset Koren	MDG

Følgjande varamedlem møtte

Sonja Jordanger Loen	SP
Øyvind Indrebø	SV
Hallgeir Hansen	MDG

Andre som møtte

Anita Lothe, rådgjevar i sak 013/26.
Grete Aa Sandal, rådgjevar i sak 008/26.
Gunhild Gimmestad, Kommunalsjef helse og velferd i alle saker.
Per Arne Strand, kommunalsjef oppvekst i sak 005/26, 006/26, 007/26, 008/26.
Åslaug Haugset, folkehelse- og rådgjevar i sak 008/26.

Underskrifter

Per Ståle Husevåg

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
005/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
006/26	Referat og orienteringssaker
007/26	Avklaring kjøp av barnehageplassar i andre kommunar.
008/26	Kommunedelplan oppvekst 2026 - 2036 - legge på høyring
009/26	Gardsbrenneriet AS søker om ordinært salsløyve for Industrivegen 12
010/26	Gardsbrenneriet AS søker om ordinært skjenkeløyve for Industrivegen 12
011/26	Dekking av transportutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod
012/26	Rapport etter landsomfattande tilsyn 2025- "helsetenester til heimebuande eldre"
013/26	Prosjekt Bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtida - orientering om status

005/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 21. januar 2026.
2. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 4. mars 2026.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 005/26 Vedtak

1. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 21. januar 2026.
2. Helse- og oppvekstutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 4. mars 2026.

Vedtak samrøystes.

006/26: Referat og orienteringssaker

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

Møte starta med synfaring i Austrheim barnehage kl 09.00 - 09.50. Styrar Gunn Svendsen tok imot oss og hadde omvisning på uteområdet og i den nye barnehagen. Etter omvisninga så samlast vi i personaldelen, der styrar orienterte om barnehagen og prosessen fram mot nybygg.

Møte vart formelt sett i kommunestyresalen kl 10.00.

Kommunalsjefane orienterte om drifta, som aktuelle saker, sjukefråvær og økonomi.

Under ordet fritt tok Hallgeir Hansen(MDG) ordet og uttrykte bekymring knytt til stillingsnedtaket i skulane, utvalet støtta bekymringa. Samtidig vart det frå utvalsleiar uttrykt at vi også gjekk med underskot på drift i 2025, at ssb skildrar fallande elevtal i Gloppen og at vi har store framtidige utfordringar i helse/velferd.

HEOP- 006/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Vedtak samrøystes.

007/26: Avklaring kjøp av barnehageplassar i andre kommunar.

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet ber om å få ei sak til neste møte som gjeld prinsipp for kjøp av barnehageplassar i andre kommunar.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

Saka vart drøfta og brev frå Håkon Solheim vart synt på skjerm slik at utvalet kunne få lese det.

Utvalet ber om at saka bør innehalde minimum desse tre alternativa:

- Prinsipp jfr dagens, når begge foreldre arbeider i annan kommune og denne ordninga gjeld fram til det siste året før skulestart, og at det er individuell politisk behandling på kvar søknad.
- Som over, men med administrativ behandling når politikken har vedteke tydelege og førande prinsipp.
- Heile ordninga vert avvist og avslutta.

HEOP- 007/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet ber om å få ei sak til neste møte som gjeld prinsipp for kjøp av barnehageplassar i andre kommunar.

Vedtak samrøystes.

008/26: Kommunedelplan oppvekst 2026 - 2036 - legge på høyring

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet legg Kommunedelplan for oppvekst 2026-2036 ut på høyring i perioden 10. mars 2026 til 30. april 2026.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

Sakshandsamarane Åslaug Haugset og Grete Aa Sandal var med under behandlinga av saka.

Kommunalsjef oppvekst orienterte om planen, presentasjonen vert delt med utvalet.

Saka vart grundig drøfta uten å gå i detaljar på innhaldet.

Utvalet ynskjer at det skal seiast noko om økonomi knytt til ulike tiltak når planen vert lagt fram til vedtak utan at det er utgreia i detalj. Kva tiltak vil koste noko?

Utvalet ynskjer at det vert lagt tilrette for høyringmøte i Breim, Hyen og Sandane om planen i høyringsperioden. Ungdomsrådet vert invitert inn i neste utvalsmøte for å kome med sine innspel.

Utvalet ynskjer at det skal følgje med nokre spørsmål til høyringa som ein ber om tilbakemelding på frå alle delar av planen. Spørsmåla vert utarbeida administrativt.

HEOP- 008/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet legg Kommunedelplan for oppvekst 2026-2036 ut på høyring i perioden 10. mars 2026 til 30. april 2026.

Vedtak samrøystes.

009/26: Gardsbrenneriet AS søker om ordinært salsløyve for Industrivegen 12

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine som inkluderer sal av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for sal av eigenprodusert drikk i lokalet og erfaring dei har frå denne drifta.

Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært salsløyve for lokalet i Industrivegen 12.

Tildelt salsløyve følg dei ordinære opningstidene i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kvardagar kl 09.00 – 20.00
- Laurdagar og dagar før helgedagar kl 09.00 – 18.00

Styrar av salsløyvet er Synnøve Vik Bergstad med Jann Vestby som varastyrar.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 009/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding og ber formannskapet gjere slikt vedtak:

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine som inkluderer sal av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for sal av eigenprodusert drikk i lokalet og erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært salsløyve for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt salsløyve følg dei ordinære opningstidene i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kvardagar kl 09.00 – 20.00
- Laurdagar og dagar før helgedagar kl 09.00 – 18.00

Styrar av salsløyvet er Synnøve Vik Bergstad med Jann Vestby som varastyrar.

Vedtak samrøystes.

010/26: Gardsbrenneriet AS søker om ordinært skjenkeløyve for Industrivegen 12

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine ved å tilby skjenk av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for skjenking av eigenprodusert drikk i lokalet med den erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært skjenkeløyve i gr. 1, 2 og 3 for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt skjenkeløyve følg normaltida for skjenking i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag - torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag - torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Styrar av skjenkeløyvet er Frida Jarlsby med Jann Vestby som varastyrar.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 010/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding og ber formannskapet gjere slikt

vedtak:

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine ved å tilby skjenk av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for skjenking av eigenprodusert drikk i lokalet med den erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært skjenkeløyve i gr. 1, 2 og 3 for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt skjenkeløyve følgjande normaltida for skjenking i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag - torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag - torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Styrar av skjenkeløyvet er Frida Jarlsby med Jann Vestby som varastyrar.
Vedtak samrøystes.

011/26: Dekking av transportutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår Helse- og oppvekstutvalet til å oppretthalde vedtaket i Helse- og omsorgsutvalet datert 22.11.2011 som var følgjande:

Helse- og omsorgsutvalet meiner det er viktig at brukarane til Mona Vekst (No Movia) vert sikra ei individuell vurdering i høve skyssutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod.

Helse- og omsorgsutvalet meiner også dette er det NAV som må vurdere og vedtek ikkje å opprette ei slik teneste for deking av skyssutgifter. Helse- og omsorgstenesta skal informere brukarane om at dei kan søkje NAV om utvida grunnstønad.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

RAD- 004/26 Vedtak

Rådet ber helse- og oppvekstutvalet ta følgjande med i vurderinga av saka:

Det blir peika på høve til å søke om utvida grunnstønad, men dette vil i mange tilfelle ikkje dekke den reelle kostnaden. Det er heller ikkje råd for alle å samkøyre, grunna spreitte bustader. Det kan vere fare for at enkelte ikkje får nytte seg av tiltaka om ein ikkje har råd til transport. Dette har store konsekvensar for kvardag, trivsel og helse. Dette gjeld både for arbeidstakaren sjølv og pårørande.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 011/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet opprettheld vedtaket i Helse- og omsorgsutvalet datert 22.11.2011 som var følgjande:

Helse- og omsorgsutvalet meiner det er viktig at brukarane til Mona Vekst (No Movia) vert sikra ei individuell vurdering i høve skyssutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod.

Helse- og omsorgsutvalet meiner også dette er det NAV som må vurdere og vedtek ikkje å opprette ei slik teneste for dekking av skyssutgifter. Helse- og omsorgstenesta skal informere brukarane om at dei kan søkje NAV om utvida grunnstønad.
Vedtak samrøystes.

012/26: Rapport etter landsomfattande tilsyn 2025- "helsetenester til heimebuande eldre"

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 012/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.
Vedtak samrøystes.

013/26: Prosjekt Bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtida - orientering om status

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

Anita Eide Lothe orienterte og svarte på spørsmål.

RAD- 003/26 Vedtak

Rådet tok saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

Prosjektleiar Anita Lothe var tilstades og orienterte om driftsprosjektet.

HEOP- 013/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.
Vedtak samrøystes.

